



Lene Gjuvsland Skjelnes ( planleggjar ) og Kjartan Thoresen ( Avdelingsleiar for Samfunnsutvikling ) går nye vegar for å oppnå medverknad i kommuneplanarbeiet.

**Gjestebed er ein metode med hensikt om å få innspel til kommuneplanen frå innbyggjarar som til vanleg ikkje deltek på tradisjonelle temamøte, og frå innbyggjarar som er spesielt oppteken av eit særskild tema. Det er fyrste gong gjestebed vert prøvd i Kvinnherad kommune, og me er glade for at fleire Kvinnheringar allereie har sagt seg villige til å stille som gjestebedsvertar. Det vil bli halde gjestebed i alle delar av kommunen og i mange ulike aldersgrupper. Det ligg an til å bli stor breidde innan både tema og gjester**

Gjestebedet føregår slik at ein person tek på seg å invitera inntil 8 andre personar heim til seg for ei drøfting om ulike spørsmål og tema. Gjestebedet føregår utan kommunal deltaking. Avdeling for samfunnsutvikling har formulert spørsmål og problemstillingar med utgangspunkt i vedteke planprogram og på bakgrunn av aktuelle tema i Kvinnherad i åra som kjem.

Ein får også meir informasjon om gjennomføring samt ein kontaktperson dersom ein melder seg som aktuell gjestebedsvert. Det skal ikkje vera mykje planlegging om det å halda gjestebed, anna enn å setja av eit par timar til sjølve gjennomføringa og å invitera andre ein kjenner som ein kan diskutera problemstillingane med.



Merknader og innspel vert brukt som grunnlag i Kommuneplanen, samfunns- og arealdelen.

Dei gruppene me ynskjer å nå med denne metoden er:

- Familiar med born under 18 år som bur i kommunen
- Innbyggjarar over 60 år
- Unge vaksne med tilknytning til Kvinnherad som bur ute av kommunen pga utdanning eller arbeid
- Personar med ulike helseutfordringar (fysisk eller psykisk helse)

I etterkant skal innspela frå gjestebodet sendast til ein av kontaktpersonane ved avdeling for samfunnsutvikling der dei til slutt vert samla i ein rapport som skal nyttast som kunnskapsgrunnlag i det vidare planarbeidet.

***Planleggjar Lene Gjuvsland Skjelnes har avtale med ein gjestebodsvert i Uskedalen, men vil gjerne ha fleire med for å prøva ut denne metoden. Vi gjer merksam på at dette er ein av fleire metodar for å fremja medverknad. Alle har høve til å senda merknader og innspel til Kommuneplanen Kvinnherad 2015.***

***Ta kontakt på denne adressa: [lene.gjuvsland.skjelnes@kvinnherad.kommune.no](mailto:lene.gjuvsland.skjelnes@kvinnherad.kommune.no)***

Tekst: Pressemelding/ Kristian Bringedal

Foto: Anbjørn Høivik

Nett: Kristian Bringedal